



Arbeidet med tomannsbustad nummer 2 går unna og også nummer 3 er påbegynt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Arbeidet med Hagetunet går unna i upåklageleg tempo og det teiknar til å bli eit fint og harmonisk bustadområde og eit pluss for den sentrale delen av Uskedalen.
No er den tredje og siste tomannsbustaden under reisning.
Den blir liggjande nedanfor dei to andre.**

Det er ikkje lenger enn to månader sidan bustad nummer 2 vart påbegynt og den skal innflyttast i april.
Alle dei 18 bueiningane som Hagetunet omfattar skal etter planen vera innflytta i mai.
Alle dei 3 tomannsbustadane er selde for lenge sidan - som resten av prosjektet.

Den første tomannsbustaden fekk attest frå kommunen for at den var fagmessig bygd og i god handverksmessig stand- Det vart ikkje funna avvik og huset var bygd i samsvar med teikningane. Nedrevåg Trevare har jobben.